



Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1080 - 14/3055

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:  
28.02.2014

## Søknad om dispensasjon - riving av eksisterande hytte, oppføring av ny, samt etablering av tilkomstveg, gbnr 42/32 Eikeland.

### Saka gjeld:

Det er i søknad stempla motteke 29.11.2013 frå eigar av gnr 42, bnr. 32, Henrik Sunde, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sine føresegner vedkomande plankrav, avstandskrav til sjø og tiltak i LNF-område, for riving av eksisterande hytte, oppføring av ny, samt etablering av tilkomstveg.

### Plangrunnlaget:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanenens arealdel er avsett til hytter, med krav til reguleringsplan og innanfor 100-metersbeltet. Vegen inn til tomtegrensa er avsett til dette formål gjennom kommuneplanen.

### Søknad om dispensasjon :

*Søklar opplyser mellom anna følgjande:*

#### Plankrav:

Hytteområdet er meir eller mindre ferdig utbygd og det har ikkje tidlegare blitt stilt krav om dette i området.

#### Avstand til sjø:

Den gamle hytta som står der i dag skal rivast. Denne er plassert i ein avstand på om lag 17 meter frå sjø.

Kommuneplanen set grensa på avstand til 50 meter til sjø. Den nye hytta vil bli plassert der den gamle står i dag. Fleire hytter i området ligg vesentleg nærare sjø enn det planen tilseier.

#### Veg inn i området:

Det er regulert veg heilt fram til tomtegrensa mellom gnr. 42, bnr. 73 og gnr. 42, bnr. 4.

Tiltakshavar ynskjer å flytte den lengre vekk frå tomtegrene mot bnr. 73, slik at vegen fell meir naturleg inn i terrenget. Eigar av gnr. 42, bnr. 4 har ved erklæring gitt vegrett.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Søknaden i sin heilheit vert lagt ved.

Nabovarsel:

Søknaden er nabovarsla 28.10.2013. Det ligg ikkje føre merknader.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det ersøkt om dispensasjon frå. I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det mellom anna: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjonar kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine føremål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

I § 1-8 heiter det mellom anna: « *I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særleg hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringar kan ikkje setjast i verk nærare sjøen enn 100 meter frå strandlinjen målt i horisontalplanet av alminnelig høgvann ... forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikkje annen byggegrensing er fastsett i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan...»*

Førebels vurdering:

Tiltaket er tilstrekkelig gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Søknaden gjeld riving av eksisterande hytte og oppføring av ny på same staden, samt bygging av tilkomstveg. Eigedom ligg i eit etablert område for fritidsbustader.

Kommunen kan i si førebels vurdering ikkje sjå at tiltaket er i konflikt med arealformålet avsett gjennom kommuneplanen.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Meland kommune ber om Dykkar uttale innanfor gjeldande fristar.

## Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Vedlegg.

**Mottakere:**

Hordaland Fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal og  
samfunnsplanavdelinga

Postboks 7900

5020

BERGEN

Postboks 7310

5020

BERGEN